



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker**

**Møtedato:** 06.10.2016  
**Møtetid:** kl. 18:30  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Brigtt Roar Skeie, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli.  
Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

### **Meldt forfall:**

Andreas Westermoen. Det var ikkje mogleg å få henta inn varafolk tidsnok.

### **Innkalling, sakliste og sist møtebok:**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 25.08.16 vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000021 Ny leiar i Seniors-styret**

Victor Bakke har teke over som leiar i styret i Seniors etter Ingvard Hageberg.

#### **Sak 000022 Reformasjonsmarkeringa 2017**

Soknerådet må spesielt merke seg datoane 3.-5 mars.

#### **Sak 000023 Rettleiingssamtale NAMU idag.**

*Det vart orientert frå samtalen.*

#### **Sak 000024 Gudstenesteforordning i Nordhordland**

Soknepresten orienterer. *Saka vart gjort om til vedtakssak (SR 014/16).*

#### **Sak 000025 Ledsagerbevis på kulturarrangement i kyrkja**

AU meiner at det er sjølvstakt at personar med ledsagerbevis kjem gratis inn på kulturarrangement i kyrkja, slik vi vert oppmoda om frå Kyrkjerådet mfl. Orentering om dette må gå til alle arrangørar av slike i kyrkja.

#### **Sak 000026 Konfirmantopplegget under endring**

Skriftleg orientering vert ettersendt. *Det var ein samtale om planen for konfirmantopplegget.*

#### **Sak 000027 Felles kyrkjeblad**

Saka er under utgreiing no, men låg ikkje klar til utsending ved innkallingstidpunktet. *Saka vart utsett til novembermøtet.*

#### **Sak 011/16 Omgjering av stilling, frå ungdomsarbeidar til diakonstilling med ungdomsfo**

##### **Framlegg til vedtak frå adm.utvalet**

- a. Adm.utvalet innstiller på at ungdomsarbeidarstillinga vert omgjort til diakonstilling med ungdomsfokus plassert i lønnsgruppe 5. Stillinga er 80%. Verknadstidspunkt frå 1.juli 2016 med pliktår til 30.juni 2017. Avtale om vigslingsstiddato kan gjerast med sokneprest og/eller biskop.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

- b. Administrasjonsutvalet/kyrkjevevja går i dialog med Ruben Sæle om utforming av stillingsinstruks før vedtak i soknerådet.
- c. Dei ekstra kostnadane vi får må signaliserast tydeleg til kommunen.

## *Framlegg til vedtak frå kyrkjevevja*

- a. Soknerådet vedtek at ungdomsarbeidarstillinga vert omgjort til diakonstilling med ungdomsfokus plassert i lønnsgruppe 5. Stillinga er 80%. Verknadstidspunkt vert frå 1.juli 2016 med pliktår til 30.juni 2017. Avtale om vigslingsdato kan gjerast med sokneprest og/eller biskop.
- b. Administrasjonsutvalet/kyrkjevevja går i dialog med Ruben Sæle om utforming av stillingsinstruks før vedtak om denne i soknerådet.
- c. Dei ekstra kostnadane soknet får må signaliserast tydeleg til kommunen.

## *Møtebehandling:*

Samtale med kommunen om diakon som ressurs i det kommunale arbeidet med ungdom er nødvendig.

Det kom framlegg om eit nytt punkt i vedtaket:

- d. For inneverande år vert kostnaden dekt av ledige lønnsmidlar. Inndekking av ekstra kostnader må takast av disposisjonsfondet.

## *Vedtak:*

- a. Soknerådet vedtek at ungdomsarbeidarstillinga vert omgjort til diakonstilling med ungdomsfokus plassert i lønnsgruppe 5. Stillinga er 80%. Verknadstidspunkt vert frå 1.juli 2016 med pliktår til 30.juni 2017. Avtale om vigslingsdato kan gjerast med sokneprest og/eller biskop.
- b. Administrasjonsutvalet/kyrkjevevja går i dialog med Ruben Sæle om utforming av stillingsinstruks før vedtak om denne i soknerådet.
- c. Dei ekstra kostnadane soknet får må signaliserast tydeleg til kommunen.
- d. For inneverande år vert kostnaden dekt av ledige lønnsmidlar. Inndekking av ekstra kostnader må takast av disposisjonsfondet.

Samrøysta vedtak.

## **Sak 012/16 Dekking av kostnader med dirigentløn Felix Vocalis**

### *Framlegg til vedtak i møtet:*

#### *Første framlegg:*

AU formulerer eit svar til Felix-styret utifrå samtalen i soknerådet. Soknerådet dekkjer dirigentløn inntil vidare.

#### *Andre framlegg:*

AU går i dialog med Felix om å arbeide med målsetjingar, korleis dei skal gjennomførast i praksis, korleis koret står i samanheng med anna arbeid i kyrkjelyden og eit realistisk budsjett og kome tilbake med saka i



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

god tid før 2017-budsjettet vert lagt, seinast 15.november. Soknerådet dekker dirigentløn på øvingane fram til det.

## *Vedtak:*

AU går i dialog med Felix om å arbeide med målsetjingar, korleis dei skal gjennomførast i praksis, korleis koret står i samanheng med anna arbeid i kyrkjelyden og eit realistisk budsjett og kome tilbake med saka i god tid før 2017-budsjettet vert lagt, seinast 15.november. Soknerådet dekker dirigentløn på øvingane fram til det.

Samrøysta vedtak.

## **Sak 013/16 Tilsetjing av barnearbeidar**

### *Forslag til vedtak:*

Eva Kristin Dale Wessman vert tilbydd stillinga som barnearbeidar i 20%, lønnplassert i lgr 3.

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Eva Kristin Dale Wessman vert tilbydd stillinga som barnearbeidar i 20%, lønnplassert i lgr 3.

Samrøysta vedtak.

## **Sak 014/16 Svar på høyring om gudstenesteforordning i Nordhordland**

### *Forslag til vedtak:*

Meland 06.10.2016

### **Respons frå Meland sokneråd**

på prostens sitt utkast til ny gudstenesteforordning for kyrkjene i Nordhordland.

Meland sokneråd har ikkje nok kjennskap til sokna i Nordhordland til å vurdere dei einskilde sokna. Vi støttar likevel dette å prioritere einskilde sentrale kyrkjer i prostiet. Kyrkjene vart bygde i ei tid med andre reisemåtar, og i nokon grad må ein gjere som andre verksemder og institusjonar, som t.d. skulen, og tilpasse seg bustadmønstre og reisemønstre.

Ein grunn til å prioritere sentrale kyrkjer, er å gjere det mogleg for familiar å finne ein fast gudstenesterytme, og gjere det mogleg for sokneråd og kyrkjetilsette å organisere søndagsskule i samband med gudstenestene. Det vil og auke sjansen for å rekruttere nye til kyrkjeleg teneste i framtida.

### **Gudstenester i Meland**

Innbygjartalet i Meland er no på omlag 8000. Per 05.10.16 er det 6183 medlemmer, og 245 «tilhøyrande» under 18 år. Meland er no den kyrkja (og kyrkjelyden) i Nordhordland som har færrest gudstenester i høve til folketalet. Difor er dei 65 gudstenestene eit minimumstal.

Med 80-100 dåp per år, og nesten like mange konfirmantar, kjenner vi på trongen for den nye kyrkja vi arbeider for å byggje. Prognosane seier at folketalet framleis vil auke med 2-3 % i året dei neste 20 åra, og difor må vi sjå om det er mogleg å etablere eit fast gudstenestetilbod på Frekhaug. Talet på gudstenester må



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

vurderast på nytt med få års mellomrom, slik at det kan vere mogleg å satse strategisk i tråd med det aukande folketalet.

Vedtak:

## **Respons frå Meland sokneråd**

på prostens sitt utkast til ny gudstenesteforordning for kyrkjene i Nordhordland.

Meland sokneråd har ikkje nok kjennskap til sokna i Nordhordland til å vurdere dei einskilde sokna. Vi støttar likevel dette å prioritere einskilde sentrale kyrkjer i prostiet. Kyrkjene vart bygde i ei tid med andre reisemåtar, og i nokon grad må ein gjere som andre verksemder og institusjonar, som t.d. skulen, og tilpasse seg bustadmønstre og reisemønstre.

Ein grunn til å prioritere sentrale kyrkjer, er å gjere det mogleg for familiar å finne ein fast gudstenesterytme, og gjere det mogleg for sokneråd og kyrkjetilsette å organisere søndagsskule i samband med gudstenestene. Det vil og auke sjansen for å rekruttere nye til kyrkjeleg teneste i framtida.

## **Gudstenester i Meland**

Innbygartalet i Meland er no på omlag 8000. Per 05.10.16 er det 6183 medlemmer, og 245 «tilhøyrande» under 18 år. Meland er no den kyrkja (og kyrkjelyden) i Nordhordland som har færrest gudstenester i høve til folketalet. Difor er dei 65 gudstenestene eit minimumstal.

Med 80-100 dåp per år, og nesten like mange konfirmantar, kjenner vi på trongen for den nye kyrkja vi arbeider for å byggje. Prognosane seier at folketalet framleis vil auke med 2-3 % i året dei neste 20 åra, og difor må vi sjå om det er mogleg å etablere eit fast gudstenestetilbod på Frekhaug. Talet på gudstenester må vurderast på nytt med få års mellomrom, slik at det kan vere mogleg å satse strategisk i tråd med det aukande folketalet.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje